



Bømlo kommune



Vår dato:
18.04.2023

Vår referanse:
2021/4018-033

Vår saksbehandlar:
Lene Borgen Waage

Direkte telefonnr.:
53 42 30 58

Dykkar dato:

Dykkar referanse:

Kjersti Toppe

Ønske om tilskotsordning til reise og opphald i samband med oppstartsseminar for ungdomsråd

–

Bømlo ungdomsråd og Ungdommens kommunestyre i Askøy vil gjerne komma med innspel til Barne- og familieministeren om å opprette ei ny tilskotsordning med støtte til å reise og opphald for oppstartsseminar for ungdomsråd.

I samband med prosjektet Ungdom ved roret i program for folkehelsearbeid har me testa ut oppstartsseminar gjennom to år. Me meiner at oppstartsseminara er heilt avgjerande for å få til aktive ungdomsråd. Du har møtt nokre av oss på Stortinget, på nasjonale konferansar og i heimkommunane våre, men først og fremst har ungdomsråda i kommunane våre blitt tydelegare talerøyr og ikkje minst fått gjennomslag for veldig viktige sakar i kommunane våre desse to åra!

No er prosjektperioden slutt og det kan bli vanskeleg for kommunane våre å betala for oppstartsseminar i åra som kjem. Me vil også at andre ungdomsråd i Noreg skal få den same moglegheita til å gjennomføra oppstartsseminar.

Derfor vil me oppmoda regjeringa til å oppretta ei ny tilskotsordning der kommunane kan søkja om støtte til reise og opphald i samband med oppstartsseminar (løn til ressurspersonar og vaksne meiner me at kommunen må dekkja sjølv). Basert på våre erfaringar må ein rekne 100000-150000 kroner for ei mellomstor kommune. Med 356 norske kommunar vil ei slik ordning då ha ei samla maksimumskostnad på 35,6 - 53,4 millionar kroner (gitt at om lag 40 ungdommar frå kvar kommune deltek). I retur vil regjeringa få aktive ungdomsråd og til og med moglegheit til å høyre kva ca 14000 ungdommar i heile Noreg bryr seg om og ønskjer å engasjera seg i!

Koordinatorane frå Askøy og Bømlo har skrivi litt meir om prosjektet og resultatata av desse, som du kan lesa meir om på neste side. Har du spørsmål eller lyst til å høyre meir om arbeidet vårt er du sjølv sagt også velkommen til å ta kontakt!

Med helsing
Bømlo ungdomsråd
Ungdommens kommunestyre Askøy

Kopi til:

ungdomsradet@bomlo.kommune.no

bjorn.tore.bystrom@askoy.kommune.no <bjorn.tore.bystrom@askoy.kommune.no>;

Meir om ungdom ved roret, oppstartsseminar og erfaringane frå desse

Bømlo og Askøy kommune har frå 2021-2023 samarbeidd om prosjektet Ungdom ved roret, under program for folkehelsearbeid. Bakgrunnen for prosjektet var at ein erfarte at møteform og det at ungdommane brukte lang tid på å bli kjent, gjorde det vanskeleg å komma vidare frå å identifisera ressursar og prosjekt/tema ungdommen brann for. Når ungdommane starta å bli kjent var skuleåret over og nytt ungdomsråd måtte starta mange av prosessane på nytt.

Ein søkte derfor om midlar til å arrangera oppstartsseminar. Hausten 2021 arrangerte ein slikt oppstartsseminar i Bømlo, og hausten 2022 arrangerte Bømlo og Askøy felles oppstartsseminar med totalt 76 ungdommar, saman med vaksne ressurspersonar og observatørar.

Formålet med samlinga er at ungdommane skal bli kjent med og trygge på kvarandre og med ressurspersonar dei kan samarbeida med, at dei får ei innføring i metodar og verktøy for å fremja medverknad og at dei finn ut kva sakar dei vil jobba med det neste skuleåret. Me har derfor i liten grad opplæring om kommune og kommunelov på oppstartsseminaret – dette gjer me direkte med ungdomsrådet/Ungdommens kommunestyre i løpet av året. Prinsippet er mest mogleg aktivt samarbeid og ungdommar som styrer prosessane og heldt korte innlegg.

Erfaringane med oppstartsseminara har vore eintydig positive. Både i Bømlo og i Askøy har me dei siste åra hatt svært aktive ungdomsråd som har jobba for og lukkast med å få resultat på dei områda som er viktige for dei.

Prosjektsøknad, videoar, rapportar og resultat er å finne på Bømlo kommune sine ungdomsrådsider: <https://www.bomlo.kommune.no/politikk/politisk-organisering/kontrollutval-eldre-og-ungdomsrad-m-fl/ungdomsrad/> og på sidene til Ungdommens kommunestyre i Askøy <https://askoy.kommune.no/ungdommens-kommunestyre-uks/om-uks>.

Oppstartsseminaret og verktøya me nyttar har også blitt omtala og brukt nasjonalt:

- KS sitt e-verktøy Ungdomsråd frå Hæææ? til Åh! Har brukt oppstartsseminaret og verktøya me brukte der under fana korleis ein får praten i gang i møter: <https://www.e-ung.no/nyttige-tips-og-triks/hvordan-fa-i-gang-praten-i-moter/>
- I AFI sitt studie om unge sin moglegheit til å medverka er Bømlo ein av casekommunane¹. Her er opplæring i medverknad av både unge og vaksne trekt fram som eit av suksesskriteria og oppstartsseminaret peikt på som døme:

Vi ser hvor viktig det er å jobbe systematisk ved oppstarten og valg av nytt ungdomsråd. Ved å jobbe tett med en bred og stor ungdomsgruppe, får rådsmedlemmene en større stedsbevissthet og oppmerksomhet på rundt hva unge i kommunen synes er viktig. Bømlo er et godt eksempel på hvordan man løser en slik oppstart. Bømlo og Askøy bestemte seg for å arrangere en felles samling for de to ungdomsrådene på Flesland siste helga i september 2022. Her deltok totalt 76 representanter for elevråd og frivilligheten i de to kommunene. En ungdomsrådsdeltager fra Bømlo forteller om oppstartsamlingen hen var med på:

Då brukte me 'Open Space' som handlar om kva ein brenn for og korleis ein vil jobba med dette. Dei som ville jobba med vidare med ideen sin fekk moglegheit til å vera med i ungdomsrådet. Eg trur det var nøkkelen til eit veldig aktivt ungdomsråd, som me har vore dette året.

Etter ungdomsråd vart lovfesta har dei fleste norske kommunar ungdomsråd, men mange av desse er ikkje aktive og mange kommunar opplever at det er utfordrande å komma i gang. Både Bømlo og Askøy har delteke på forkonferanse til folkehelsekonferansen om ung medverknad og i KS, BUFDIR og Frivillighet

¹ <https://www.oslomet.no/forskning/forskningsprosjekter/ung-medvirkning>

Norge sitt Aktiv fritid-nettverk. Her har nettopp behovet for rammevilkår som gir grunnlag for å bli kjent og bli trygg på kvarandre og å vekke engasjement gjennom å lytte til kva ungdommane engasjerer seg i blitt løfta fram.

Ei tilskotsordning kunne ha vore forvalta av BUFDIR, statsforvaltaren eller fylkeskommunane. Ettersom det her er snakk om å dekkja reise og opphald kunne ein ha utvikla relativt enkle søknadskriterium og rapporteringsordningar:

- Maksimum reise- og opphaldskostnad per deltakar. (Dersom ein skal på hotell må ein rekne 3000,- per deltakar. Me har vore opptekne av at ungdommane skal få bu med ok standard, fordi me ser at det då er enklare å få med seg eit breitt utval ungdommar, også dei som har litt særskilte behov. Me har vore opptekne av å reise vekk for å unngå at deltakarane går til og frå. Me har likevel halde oss i regionen, slik at ikkje reisekostnadane og -tida blir for høg og ressurspersonar kan delta på delar av samlinga).
- Maksimum mengd deltakarar (her ser me at for mellomstore kommunar som Askøy og Bømlo er 40 ungdommar og 10 ressurspersonar per kommune bra. Slik får ein relativt brei representasjon)
- Løn til ressurspersonar må dekkjast av kommunane sjølve. Her kan ein gjerne komma med nasjonale tilrådingar om kven som er aktuelle ressurspersonar. Dette er typisk vaksne som vil vera aktuelle for å følgja opp ungdomsrådet gjennom året, men me har også hatt inne politikarar og administrative leiarar på heile eller delar av samlinga for å lytte til ungdommane.
- Ei nasjonal tilgjengeleg verktøykasse (gjennom e-ung og BUFDIR) som vil gjera det enklare å planleggja og følgja opp samlinga både fagleg og administrativt. Tilskotsrapporteringa kan veldig gjerne vera oppsummeringa av oppstartsseminaret. I våre kommunar har denne oppsummeringa vore eit viktig verktøy i ungdomsrådsarbeidet. Den blir sendt kommunestyret og er eit grunnlag for det vidare arbeidet.
- Om ønskjeleg kan ein ha eitt årleg nasjonalt tema som alle som får tilskot skal svara ut. Denne hausten fekk våre ungdommar eit oppdrag om ungdomsskulereformen frå ein lokal stortingsrepresentant frå Høgre. Slik kunne regjeringa fått høyre stemma til mange unge. Alternativt kunne også nasjonalt ungdomsråd gitt eit oppdrag. Likevel verdt å merke seg at me har vore opptatt av at slike oppdrag ikkje må ta for stor plass på ei samling, då me har hatt eit grunnleggjande prinsipp om at hovudmålet er å lytte til ungdommane og kva dei bryr seg om så mykje at dei vil gjera noko med det.

Bømlo og Askøy kommune er gjerne med på å utvikla ei slik tilskotsordning.

Beste helsing

Ungdomsrådskoordinator Bømlo kommune, Lene Borgen Waage

Koordinator Ungdommens kommunestyre Askøy kommune, Bjørn Tore Bystrøm